

# Møteprotokoll

---

**Utval:** Levekårutvalet  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Dato:** 06.06.2018  
**Tid:** 09:00 – 10:30

---

Følgjande politikarar møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>	<b>Repr.</b>	<b>Vara for</b>
Hildeborg Homme	Leiar	AP	
Knut Erling Haugland	Medlem	AP	
Malmfrid Nyborg Homme	Medlem	SP	
Olav K. Hovet	Medlem	H	
Sissel Åkre	Nestleiar	V	

Frå administrasjonen møtte:

<b>Namn</b>	<b>Stilling</b>
Aud Sunniva Fuhr	rådmann

---

Godkjenning av innkalling og sakliste:

---

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Hildeborg Homme  
leiar

Gunn Marith Homme  
sekretær

<b>Saksnr</b>	<b>Innhald</b>
PS 27/18	Drøftingssaker
PS 28/18	Førespurnader
PS 29/18	Rekneskap og årsmelding 2017 Valle kommune
PS 30/18	Tertialrapport pr. 30.4.18
PS 31/18	Innsparing, skuleskyss I Brokke
PS 32/18	Samlokalisering av Valle vaksenopplæring og Valle skule.
PS 33/18	Namn på nytt bibliotek og kyrkjestove i Valle kommune

## **PS 27/18 Drøftingssaker**

### **Saksprotokoll i Levekårutvalet - 06.06.2018**

Status bygg:

Soknehuset er ferdig og det skal vere kombinert opning og 60 års jubileum for Hylestad skule 20. juni. Framdrift på Bibliotek og kyrkjestoga er etter planen.

## **PS 28/18 Førespurnader**

### **Saksprotokoll i Levekårutvalet - 06.06.2018**

**Sissel Åkre:**

Korleis gjeng det med framdrifta av/utredning av Frivilligsentralen?

**Rådmann:**

Rådmann er i samtale med DnT Sør om eit eventuelt samarbeid om ein funksjon der frivilligsentralen vil vere ein del av.

**Sissel Åkre:**

Vil det vere mogleg å få til ei (eventuelt betala) ordning slik at dei som ynskjer kan få Bygdenytt i posten?

**Rådmann:**

Bygdenytt vert i dag lagt ut på alle butikkar, bensinstasjonar, bibliotek og Valle bygdeheim. I tillegg vert den lagt ut i digital form på heimesida og Facebook. Vi meiner at tilgangen til bygdenytt skal vere god.

**Rådmann:**

Svar på førespurnad frå tidlegare møte i høve velferdsteknologi. Når det gjeld fiber så er vi godt dekkja i kommunen. Velferdsteknologi går ikkje på fiber men på telenett og generelt der så er vi sårbare. Fylkesmannen har tatt initiativ i samarbeid med fleire aktørar for å sjå på risiko og sårbarheit i høve dette.

**Olav K. Hovet:**

Korleis går arbeidet med instrumentlanding ved Soknehuset på Rysstad?

**Rådmann:**

Vi vil invitere kommuneoverlegen til neste møte for å orientere om dette.

## **PS 29/18 Rekneskap og årsmelding 2017 Valle kommune**

### **Saksprotokoll i Levekårutvalet - 06.06.2018**

#### **Handsaming:**

Tilrådinga vert samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Rekneskap og årsmelding er godkjent. Den framlagde årsrekneskapen for 2017, som viser eit netto driftsresultat på kr 13.480.795,- og eit resultat etter finanstransaksjonar på kr 3.450.472,- i mindreforbruk (overskot) samt eit investeringsrekneskap i balanse, er vedteke som årsrekneskapen 2017 for Valle kommune. Overskot på kr 3.450.472,- blir disponert slik: Kr 1.700.000,- til pensjonsfondet 2.5699.004 Kr 1.750.472,- til felles disposisjonsfond 2.5699.100

## **PS 30/18 Tertialrapport pr. 30.4.18**

### **Saksprotokoll i Levekårutvalet - 06.06.2018**

#### **Handsaming:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Tertialrapporten blir tatt til orientering, med dei endringane som er foreslått:

#### **Drift:**

Kr 1.485.000,- til ramme 51 oppvekst

Kr 600.000,- til ramme 56 pleie- og omsorg

Kr -819.000,- til ramme 65 konsesjonskraft

Kr 87.000,- endring av frie inntekter

Kr -1.353.000,- auke bruk av fond for å saldere budsjettet for 2018

#### **Investering:**

Investeringsbudsjettet aukar med kr 6.009.000,- pr. 1. tertial 2018. Dette er finansiert med momskompensasjon kr 1.273.000,- og bruk av fond kr 98.000,- i tillegg til bruk av lån kr 4.638.000,-. Då er sal av verkstadbygg med på å redusere bruk av lån med kr 502.000,-. Nytt brutto investeringsbudsjett for 2018 er på kr 36.129.000,-.

## **PS 31/18 Innsparing, skuleskyss i Brokke**

### **Saksprotokoll i Levekårutvalet - 06.06.2018**

#### **Handsaming:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Skuleskyssen i Brokke blir endra til fylgjande:

- 1. november – 31. mars: Skyss som i dag for elevar på Hylestad skule og Valle skule
- 1. april – 31.oktober: Skyss frå Holtesvingen haldeplass til Hylestad skule/Valle skule

## **PS 32/18 Samlokalisering av Valle vaksenopplæring og Valle skule.**

### **Saksprotokoll i Levekårutvalet - 06.06.2018**

#### **Handsaming:**

Framlegg frå Hildeborg Homme:

Samlokalisering av vaksenopplæringa til Valle skule vert utsett til skulestart hausten 2019. Ein ber administrasjonen utarbeide nytt saksframlegg seinast våren 2019 for å belyse følgjande utfordringar:

1. Dagens struktur med nærheit til sentrum, NAV, legeteneste ol. Er tidsmessig gunstig for skulken, korleis tenkjer ein dette bør løysast når avstanden vvert lenger i høve læring og transport når det gjeld tidsbruk t/r Valle skule (spesielt vinterstid), deira behov som flyktningar er større enn normalt til desse tenestene.
2. Er det tenkt på kva utfordringar det vert med borna deira i same bygg?
3. Kan det ver ei god løysing å nytte dagens bibliotek for opplæring?
4. Ein ber også administrasjonen om ein plan/forslag kva ein tenkjer bygget kan nyttast til, dersom ein vel å flytte opplæringa til Valle skule.

Framlegg frå Hildeborg Homme fekk 2 røyster og rådmannen si tilråding fekk 3 røyster.

#### **Vedtak:**

Valle vaksenopplæring og Valle skule vert samlokalisert.

## **PS 33/18 Namn på nytt bibliotek og kyrkjestove i Valle kommune**

### **Saksprotokoll i Levekårutvalet - 06.06.2018**

#### **Handsaming:**

Framlegg frå Sissel Åkre:

Bygget skal skrivast SÆBYGGJEN og sentrumsstova skal skrivast «sentrumsstoga»

For: «Formålet med lova er å take vare på stadnamn som språklege kulturminner» slik det står i lov om stadnamn og Språkrådet tilrår.

Framlegget frå Sissel Åkre vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Bygget skal skrivast SÆBYGGJEN og sentrumsstova skal skrivast «sentrumsstoga»

For: «Formålet med lova er å take vare på stadnamn som språklege kulturminner» slik det står i lov om stadnamn og Språkrådet tilrår.